Nærøyfjorden verneområdestyre

Postadresse
Nærøyfjorden verneområdestyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Fjordsenteret
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3134

fmvlpost@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/naroyfjorden

Stig Arne Borlaug
Stokkavegen 3
5746 Undredal

Sakshandsamar Jorunn Vallestad **Vår ref.** 2021/1568-0 432.2 **Dykkar ref.** **Dato** 17.03.2021

Dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Linhella - kraftforautomat for killingar

Sender vedlagt saksprotokoll med saksframlegg frå Nærøyfjorden verneområdestyre.

Informasjon om klagerett
Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28 - 29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument.

Med helsing

Trygve Skjerdal
Nærøyfjorden verneområdestyre

Jorunn Vallestad
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Statsforvaltaren i Vestland
SNO Aurland
Aurland kommune

Nærøyfjorden
verneområdestyre

Arkivsaksnr: 2021/1568-0
Sakshandsamar: Anbjørg Nornes
Dato: 27.01.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	23/21	15.03.2021

Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Linhella - kraftforautomat for killingar

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Stig Arne Borlaug løyve til enkel tilrettelegging for å kunne plassere ein kraftforautomat på Linhella ved Nærøyfjorden. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3 b).

Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Det kan byggast opp ein støttemur i stein, slik at det er mogleg å lage til eit relativt flatt området på 2-3 meter i diameter. Steinmuren skal ikkje vere høgre eller lenger enn det som er nødvendig for å plassere kraftforautomaten på ein slik måte at killingane kjem til.
- Muren skal murast opp for hand, og det skal berre brukast boltar i fjellet dersom det er absolutt nødvendig for å få muren til å ligge.
- Ovanfor kraftforautomaten kan det, viss nødvendig, settast opp ein enkel, låg Sognemur (plankegjerde), maks ein meter høg, for å beskytte automaten mot nedfall av stein.
- Murane skal fjernast og terrenget tilbakeførast til opphavleg stand når det ikkje lenger er behov for kraftforautomaten.

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 15.03.2021

Handsaming i møtet

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Stig Arne Borlaug løyve til enkel tilrettelegging for å kunne plassere ein kraftforautomat på Linhella ved Nærøyfjorden. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3 b).

Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Det kan byggast opp ein støttemur i stein, slik at det er mogleg å lage til eit relativt flatt området på 2-3 meter i diameter. Steinmuren skal ikkje vere høgre eller lenger enn det som er nødvendig for å plassere kraftforautomaten på ein slik måte at killingane kjem til.
- Muren skal murast opp for hand, og det skal berre brukast boltar i fjellet dersom det er absolutt nødvendig for å få muren til å ligge.
- Ovanfor kraftforautomaten kan det, viss nødvendig, settast opp ein enkel, låg Sognemur (plankegjerde), maks ein meter høg, for å beskytte automaten mot nedfall av stein.
- Murane skal fjernast og terrenget tilbakeførast til opphavleg stand når det ikkje lenger er behov for kraftforautomaten.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Stig Arne Borlaug, motteke 24. januar 2021.

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Stig Arne Borlaug har killingar på beite på Linhella, nedanfor Beitelen der Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden møtast, og søker om å få plassere ein kraftforautomat på området. Området langs fjorden er bratt, så for å klare å plassere automaten søker han om å få mure opp og gjere ein enkel planering der automaten skal stå. Han ber også om å få sette opp ein enkel Sognemur på oppsida av automaten. Plasseringa er på eigedomen til Anne Helene Langseth, gardsnr. 51, bruksnr. 32, som har gitt løyve til tiltaket.

Utklipp frå søknad:
«Eg treng å tillrettelegge for å plassere den der pga. helling og utfordrende terreng, så eg søkjer med dette om å få gjere ein enkel planering på ca 3m i diameter av området der automaten skal stå, og lage ein liten mur på nedsida med boltar i fjell for halde muren på plass. Og lage ein enkel sognemur på oppsida av automaten for å beskytte den mot nedfall av stein.»

Figur 1. Plassering av den planlagde kraftforautomaten.

Figur 2. Bilde frå plassen der kraftforautomaten er tenkt plassert.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2.

Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. Forvaltninga kan gje løyve til oppføring av nybygg i samband med

landbruk, jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 b). «Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Å ta vare på kulturlandskapet skapt gjennom aktiv landbruksdrift er eit viktig verneformål i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det vil derfor i utgangspunktet vere positivt med tilrettelegging som gjere det enklare å ha dyr på beite i verneområdet. Å sette opp ein midlertidig kraftforautomat er ikkje søknadspliktig. Når plasseringa krev graving og bygging av murar er det derimot eit inngrep i landskapet som er søknadspliktig.

Heile beiteområdet langs fjorden består av bratt rasmark og lauvskog. Det er ikkje registrert trua artar eller naturtypar i området som vil bli negativt påverka av muringa. Litt lenger innover langs Nærøyfjorden er det registrert eit område med rik edellauvskog som er karakterisert som svært viktig. Dette inngrepet vil ikkje påverke denne naturtypen. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt nok for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

Inngrepet vil vere synleg for folk som ferdast på fjorden nær land, som t.d. kajakkpadlarar. Ein låg steinmur vil derimot ikkje vere eit framandelement i dette landskapet, der det er mange gamle steinmurar i kulturlandskapet langs fjorden. På litt avstand vil sannsynlegvis ikkje muren vise veldig godt mot ein bakgrunn av steinur og spreidd skog. Sognemuren, som er eit slags tregjerde, som Borlaug søker om å sette opp bak kraftforautomaten, vil nok skilje seg litt meir ut i landskapet. Det er viktig at denne blir så liten som mogleg, og at den blir laga av ubehandla tre som etter kvart vil skli godt inn i landskapet. Det bør vurderast på plassen om det verkeleg er nødvendig med ein slik innretning. Det er få liknande byggetiltak i dette området, og den samla belastninga er vurdert som liten, jf. nml. § 10. Å bygge ein støttemur for å lage eit plant område verkar som ein fornuftig måte å få plassert ein kraftforautomat på i dette området, og dette er nok ein av få plassar dette i det heile tatt er mogleg å få til, jf. nml. § 12. Tiltaket vil lite truleg føre til miljøforringing og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

Forvaltar konkluderer med at fordelen for dei som skal drive landbruk og halde ved like kulturlandskapet i dette tilfellet er større enn ulempa i form av det vesle inngrepet dette vil vere i landskapet. Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12 meiner forvaltar tiltaket ikkje vil påverka verneverdiane nemneverdig, og at det vil vere positivt for å halde oppe landbruksdrifta i området.